




Hå kontrollutval

Plan for forvaltningsrevisjon
og eigarskapskontroll

2020-2024



Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024

Innhold

1.	INNLEIING	2
1.1	OVERORDNA RISIKOANALYSE/FORMÅL MED PLANEN	2
2.	OMRÅDE FOR GJENNOMFØRING AV FORVALTNINGS- REVISJON.....	4
2.1	KOMMUNEN SI VERKSEMD	4
2.2	FORVALTNINGSREVISJON I KOMMUNALT HEILEIGDE SELSKAP	4
3.	AKTUELLE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT 2020-2024	4
3.1	GENERELT	4
3.2	PRIORITERTE OMRÅDER FOR FORVALTNINGSREVISJON.....	5
4.	RAPPORTERING OM GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON	6
5.	OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON	6
6.	KONTRAKTSOPPFØLGING	6
7.	AVSLUTNING	7
1.	INNLEIING	8
2.	EIGARSKAPSKONTROLL	8
3.	EIGARSTYRING	8
4.	AKTUELLE EIGARSKAPSFORMER	9
5.	SELSKAP SOM KAN OMFATTAST AV EIGARSKAPSKONTROLL	11
8.	RISIKO OG VESENTLEGHEIT KNYTT TIL UTVELJING SELSKAP FOR KONTROLL	12
9.	PRIORITERTE OMRÅDER FOR EIGARSKAPSKONTROLL.....	12
10.	AVSLUTNING	12

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2024

1. Innleiing

I medhald til kommunelova § 23-1 er det kommunestyret som har det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen, og som vel eit kontrollutval til å utføre den løpande kontrollen på deira vegne.

Kontrollutvalet er mellom anna pålagt å sjå til at det årleg vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå Kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Kontrollutvalet er i tillegg pålagt å utarbeide en plan for forvaltningsrevisjon for kvar kommunestyreperiode basert på ei overordna risikoanalyse av kommunens verksemd¹. Planen skal vedtakast av Kommunestyret. Planen skal vedtakast innan utgangen av året etter at val har funnet stad, og gjelder derfor frå 2020 til 2024.

Forvaltningsrevisjonsarbeidet er en sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er derfor viktig at kontrollutvalet og kommunestyret bruker plan for forvaltningsrevisjon som et reiskap for å utøve en mest mogleg målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen. Når kommunestyret bestemmer seg for å igangsette tiltak innanfor kontrollutvalet sitt ansvarsområde skal det alltid føretaks ei vurdering av om saken bør oversendes kontrollutvalet.²

Kontrollutvalet vil ha planen til løpande vurdering og gje tilbakemelding til kommunestyret dersom det oppstår forhold som gjer endringar/ ekstraordinær evaluering nødvendig.

1.1 Overordna risikoanalyse/formål med planen

Plan for forvaltningsrevisjon skal bygge på ei overordna risikoanalyse av heile verksemda i Hå kommune. Hensikten med risikovurderinga er å identifisere kor det vil vere behov for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorane og verksemdar i kommunen. Analysen som viser revisor si oversikt over vesentlege risikoområder i Hå kommune er lagt ved planen.

Kontrollutvalet sitt overordna føremål med forvaltningsrevisjon er å bidra til at Hå kommune driv si verksemd etter gjeldande lover og bestemningar og oppnår dei målsetningane som

¹ Kommunelovens § 23-3 annet ledd.


² Gjelder fortrinnsvis innenfor hovedarbeidsområdene undersøkelse, granskning, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, høring,

kommunen har sett for si verksemd i vedtekne planar, budsjett, årsmeldingar og andre politiske vedtak. Føremålet kan og vere at det vert føreteke ein gjennomgang av utsette områder for å førebygge uønskte hendingar.

Prosjekt som går nærare inn på områder der kommunen kan oppnå innsparingar bl.a. ved bruk av færre midlar for å utøve den same tenesta, eller områder kor kommunen kan få meir ut av ei teneste utan å bruke meir midlar, vil være blant de prioriterte områda i tider med behov for innsparingar.

Ved utveljing av kva prosjekter som skal gjennomførast blant alle mottekne innspela, er det fleire forhold som spiller inn. Det gjelder ikkje minst å klare å differensiere i forhold til ressursramma til det enkelte prosjektet, slik at det blir plass både for store satsingar og prosjekter med en meir avgrensa tidsramme.

Dette kan illustrerast med følgjande oversikt frå revisor si orientering for kontrollutvalet om temaet forvaltningsrevisjon. Den viser kva revisor måler mot, og kva det utløysar av ressursbruk:



2. OMRÅDE FOR GJENNOMFØRING AV FORVALTNINGSREVISJON

2.1 Kommunen si verksemd

Kommunen si verksemd er i stadig endring. Organisasjonsmessige forhold og eksterne føresetnader knytt til økonomi, sysselsetting, statlege føringar og krav m.m. vil variere i løpet av de årene som omfatta av planen. Disse variasjonane kan ha innverknad på kva områder kor vil vere mest hensiktsmessig å sette inn ressursar til gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Denne planen er i tråd med lovkrav utarbeida med tanke på forvaltningsrevisjon i kommande 4-årsperiode. I tillegg til løpande vurdering av planen kan den bli rullert ved behov, for eksempel etter 2 år.

Kontrollutvalet si tilgjengelege budsjett tilseier at det gjennomførast 1 – 2 forvaltningsrevisjons-prosjekter pr. år i planperioden, avhengig av ressursbruk til det enkelte prosjekt – sjå m.a. illustrasjon ovanfor.

2.2 Forvaltningsrevisjon i kommunalt heileigde selskap

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon i kommunale selskap er mogleg, når selskapet er heileigde av kommunane³. Dette gjeld selskapsformer som IKS-er, kommunale oppgåvefelleskap/ interkommunalt politiske råd som er sjølvstendige rettssubjekt og kommunalt heileigde aksjeselskap. Ein forvaltningsrevisjon av kommunale heileigde selskap vert gjennomført etter de same prinsipp som for kommunen sine andre verksemdar, sjå ovanfor.

I forbindelse med ein evt. forvaltningsrevisjon i eit kommunalt heileigd selskap vil det og vere naturleg å sjå nærare på kommunen sin eigarskapskontroll, sjå egen plan nedanfor.

3. AKTUELLE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT 2020-2024

3.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursane som vert stille til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte risikoanalysen er ikkje uttømmende og vil ikkje kunne ta omsyn til alle forhold. Den må sjåast på som eit verktøy til å foreta ei prioritering av områder/tema som er aktuelle for forvaltningsrevisjon saman med de innspela som er motteke frå politisk og administrativt nivå, dialog med revisor og kontrollutvalet sine eigne vurderingar.

³ Kommunelevens § 23-3 annet ledd.

3.2 Prioriterte områder for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet vil med bakgrunn i drøftingar og vurderingar prioritere disse forvaltningsrevisjonsprosjekta de komande årene (alfabetisk, innbyrdes uprioritert):

Kvart tema vil bli nærmare utdjupa og avgrensa ut frå mottekne problemstillingar og i dialog med revisor i forbindelse med endeleg bestilling av undersøkingane.

Forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda:

- Barnevern
- Handtering og Konsekvensar av Covid 19
- Informasjonssikkerheit, personvern – velferdsteknologi
- Like tenester i bygdene i kommunen innan helse
- Helse og sosial ulik praksisar i bygdene («drives det for tøft»)
- Barne- og ungdomsløftet
- Teknisk sektor – Framdrift på vedtekne saker til gjennomføring t.d. Brusand Barnehage.
- Tekniske saker – Klarer Hå kommune å halde fristar?
- Motivasjon – heim/skule
- Motivasjon – trivsel/mobbing
- Motivasjon i Skulen
- Avvik og Rapportering
- Arealforvaltning
- Handtering av arealkonfliktar/jordvern
- Psykisk Helse unge
- Reduksjon av klimagassutslepp
- Teknologi/Big Data – forut sjå hendingar
- Tidleg innsats
- Brukarar med ressurskrevjande tenester
- Styrkingstiltak i barnehagar
- Krisehandtering og beredskap ()
- Legevakt og beredskap Kvalitet på tenesta no og utsikter framover ()
- Rus og Vald
- Bemanningsnorm
- Sikkerheit skuleveg/barnehage

Moglege revisjonar av kommunal verksemd ut frå vurdert risiko:

- Integrering av flyktningar
- Handtering og konsekvensar av koronautbrotet
- Hå kommune sitt kompetansebehov
- IVAR spissa mot pengebruk (arkitektteikna hus på Grødaland)
- Innkjøp Balansen mellom rammeavtaler og anbod

- Behandling avvik i kommunen – Læringsutbytte
- Korleis fungerer samarbeidet skule/heim – Korleis utnytte potensialet

Forvaltningsrevisjon i heileigde selskap:

- IVAR IKS
- Lyse AS

Kontrollutvalet vil før bestilling i dialog med revisor foreta ein endeleg gjennomgang av aktuelle føremål og problemstillingar knytt til det enkelte prosjekt. Forvaltningsrevisjon av heileigde selskap vil så sant det er mogleg gjennomførast i samarbeid med dei andre eigarane.

Det vert føreteke ein oppdatering/ ny gjennomgang av prioriteringar i planen om ca. 2 år.

4. Rapportering om gjennomført forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet er pålagt å sjå til at kommunestyret eller fylkestinget sitt vedtak m.a. knytt til forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar vert følgde opp⁴ og skal difor rapportere til kommunestyret om dette. Kontrollutvalet si behandling med innstilling til kommunestyret vert difor fortløpande oversendt for sluttbehandling i kommunestyret.

5. Oppfølging av gjennomført forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal etter gjennomført forvaltningsrevisjon sjå til at kommunestyret sitt vedtak i tilknytning til handsaming av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp av administrasjonen⁵. Det skal og rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si mening ikkje er blitt følgd opp på en tilfredsstillande måte.

Rapportering til Kommunestyret om oppfølging av forvaltningsrevisjon vil skje gjennom oversending av enkeltsaker etter at de er behandla i kontrollutvalet.

6. Kontraktsoppfølging

Kontrollutvalet sin innsynsrett og rett til å føreta undersøkingar etter kommunelova § 23-6 første og andre ledd gjelder på tilsvarande måte overfor andre verksemder/private som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynet og undersøkingane skal imidlertid berre omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt. Kontraktsoppfølginga gjelder først og fremst faste oppgåver/tenester og ikkje enkeltkontrakter/- byggekontrakter o.l.⁶

⁴ Føreskrift om kontrollutval og revisjon §5

⁵ Føreskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5

⁶ Jfr. pkt 1.26.2.5 i proposisjonen vedr. ny kommunelov

7. Avslutning

Kontrollutvalet ber om delegert fullmakt til å iverksette forvaltningsrevisjon på andre områder enn de som er foreslått/vedtatt dersom kontrollutvalet meiner dette vil ha høgare nytteverdi.

Kommunestyret har også myndigheit til å pålegge kontrollutvalet å gjennomføre konkrete bestillingar i løpet av planperioden dersom det er ønskeleg.

Plan for eigarskapskontrollar 2020-2024

1. Innleiing

Kommunelova § 23-4 pålegg kontrollutvalet å minst éin gang i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for kva eigarskapskontroller som skal gjennomførast. Planen skal baserast på ei vurdering av risiko og vesentlegheit av kommunens eigarskap. Hensikta med vurderinga risiko og vesentlegheit er å finne ut kor det er størst behov for eigarskapskontroll.

2. Eigarskapskontroll

Ein eigarskapskontroll er ein kontroll av kommunens utøving av sitt eigarskap, og retter seg ikkje mot det enkelte selskap. En kontroll av selskapet er avgrensa til selskap som er heileigde av kommunen/ fylkeskommunen. Forvaltningsrevisjon i selskap der dette er mogleg, vert difor omfatta av Plan for forvaltningsrevisjon – sjå ovanfor.

En eigarskapskontroll av kommunen inneber difor å kontrollere om den som utøver kommunen- eller fylkeskommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

3. Eigarstyring

KS (Kommunanes Sentralforbund) har utarbeida ein vegleiar for kommunane knytt til eigarskapskontroll. Denne er rekna for å innehalde anerkjente prinsipp for eigarstyring, oppsummert til følgande 21 punkter:

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde – kurs eller eigarseminarar
2. Vurdering og val av selskapsform -
3. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd - der man skil ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.
4. Utarbeiding av lovpålagte eigarskapsmeldingar
5. Utarbeiding og revidering av styringsdokument - Kommunestyra bør fastsette overordna prinsipp for sitt eigarskap ved å utarbeide en eigarskapsmelding for alle sine selskap.
6. Jamlege eigarmøte - gjennomføre eigarmøte for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet

7. Eigarorganet (generalforsamling eller representantskap) si samansetning og funksjon - hovudregel er at kommunestyret oppnemner sentrale folkevalde som selskapet sine eigarrepresentantar i eigarorganet
8. Gjennomføring av generalforsamling og representantskapsmøte – innkalling, innkallingsfrister m.m. – bør tas inn i selskapet sine vedtekter
9. Samansetning av styret - sørge for at styrets kompetanse totalt sett er tilpassa det enkelte selskaps verksemd. Sikre opplæring av styremedlemmene.
10. Bruk av valkomité ved styreutnemningar
11. Kjønnsmessig balanse i styret
12. Rutinar for å sikre riktig kompetanse i styret – Styret bør sjølv jamleg vurdere sin eigen kompetanse ut frå eigarane sitt føremål med selskapet. KS anbefaler fleire rutinar for å sikre nødvendig kompetanse.
13. Styresamansetting i konsernmodell (morselskap/dotterselskap)
14. Oppnemning av vararepresentantar
15. Habilitetsvurderingar – rutinar
16. Godtgjering av styreverv
17. Registrering av styreverv i styrevervregisteret.no
18. Medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon for sjølvstendige rettssubjekt.
19. Utarbeide etiske retningslinjer
20. Administrasjonssjef/dagleg leier sin rolle i kommunale føretak (gjelder berre KF-er, som her er omfatta av Plan forvaltningsrevisjon)
21. Utøving av tilsyn og kontroll - kommunestyre, kontrollutval (forvaltningsrevisjon/ eigarskapskontroll/andre revisjonshandlingar)

Ein eigarskapskontroll kan være en samla vurdering av korleis kommunen føreheld seg til sitt eigarskap i alle sine selskap, m.a. med utgangspunkt i kommunen si eigarskapsmelding og etterleving av bestemningar i denne. Den kan også omfatte eit enkelte selskap ålone, eller være en del av en forvaltningsrevisjon av et kommunalt heileigd selskap.

4. Aktuelle eigarskapsformer


Kommunale eigarar står ganske fritt i val av selskapsform ved etablering av nye selskap. Dei mest vanlege selskapsformene er:

- a. *AS - aksjeselskap* – desse kan vere både heileigde av kommune/fylkeskommune eller ha private eigarar. Begge variantane er omfatta av lovkrav knytt til aksje-lova. Dette er også er ei selskapsform som tilrådd for fleire verksemder innanfor energiproduksjon, arbeidsmarknadsbedrifter og bompengeselskap. Aksjeselskapsforma vert vanlegvis rekna som best tilpassa for verksemder som opererer i ein marknad med risiko- og konkurranse-eksponering. I et AS hefter kommunen berre for innskoten aksjekapital.
- b. *SA – samvirkeforetak* - disse kan være både heleide av kommune/fylkeskommune eller også ha private evigare. Hovudføremålet i et samvirkeforetak er å fremme

medlemmene sine økonomiske interesser. Medlemmene sine behov for samarbeid er viktigare enn at føretaket går med mest mogleg overskot. Medlemmene har ikkje ansvar for samvirkeforetakets gjeld ut over evt. Andelsinnskot.

- c. *IKS – interkommunalt selskap* – har berre kommunale/fylkeskommunale eigarar. Denne type selskap har i stor grad kommunale oppgåver innanfor revisjon, energi, avfallshandtering o.l. Om det er planlagt å skulle drive næring med fortjeneste i et IKS vert dette ofte utskilt i heileige dotterselskap som er AS-er. I et IKS hefter deltakande kommunar iht. sin eigardel for alle forpliktingar i selskapet inkl. lån som selskapet har teke opp.
- d. Nye selskapsformer i kommunelova av 22-06-2018:
- i. *Interkommunalt politisk råd:*
To eller fleire kommunar eller fylkeskommunar kan saman opprette eit interkommunalt politisk råd. Rådet kan behandle saker som går på tvers av kommune- eller fylkesgrensene. Kommunestyra og fylkestinga vedtar sjølv å opprette et slikt råd.
 - ii. *Kommunalt oppgåvefellesskap*
To eller fleire kommunar eller fylkeskommunar kan saman opprette eit kommunalt oppgåve-fellesskap for å løyse felles oppgåver. Kommunestyra og fylkestinga vedtar sjølv å opprette et oppgåvefellesskap.
 - iii. Andre selskapsformer som stiftingar vert ikkje omfatta av denne planen. Kommunen er ikkje eigar i en stifting, da den er sjølveigande og vert kontrollert via lov om stiftingar.
 - iv. § 27-samarbeid. Ifølge kommunelova av 1992 kunne to eller fleire kommunar, to eller fleire fylkeskommunar, eller en eller fleire kommunar og ein eller fleire fylkeskommunar, opprette et eige styre til løysing av felles oppgåver. Kommunestyret og fylkestinget fatta sjølv vedtak om oppretting av slikt styre, som kunne gis myndigheit til å treffe avgjersle som angjekk verksemda si drift og organisering.
Denne type samarbeid er falt bort i ny kommunelov, og eksisterande § 27-samarbeid må derfor endrast til IKS eller kommunalt oppgåvefellesskap i løpet av inneverande kommunestyreperiode.

Oversikten nedanfor viser i kor stor grad kommunen har moglegheit for direkte (høy) og indirekte (lågare) politisk styring og kontroll i de forskjellige selskapsformene:



5. Selskap som kan omfattast av eigarskapskontroll

Hå kommune har et eigarskap i desse selskap (alfabetisk innanfor kvar gruppe):

Selskap	Heileigde AS	Deleigde AS	IKS	§ 27	Andre
IVAR IKS			X		
Lyse AS	X				
Rogaland Revisjon IKS					
Rogaland kontrollutvalgssekretariat				X	
Jæren Friluftsråd				X	
Biblioteksentralen SA				X	
KLP (gjensidig forsikringselskap)				X	

8. Risiko og vesentlegheit knytt til utveljing selskap for kontroll

Som det går fram innleiingsvis skal planen for utveljing av prosjekter knytt til eigarskapskontroll bygge på risikovurdering av kommunen sitt eigarskap. Kontrollutvalet har bedt revisor om å utarbeide en slik risikovurdering, som i hovudsak peiker ut desse punkta:

Vesentlegheit:

Kor viktig er selskapet for kommunen sine målsettinger?

- Økonomisk bidragsyter til kommunen
- Forvalter store verdier for kommunen
- Leverer viktige kommunale tjenester
- Oppnår et politisk mål for kommunen

Risiko:

Kor stor risiko er det for at formålet med eierskapet ikke nås?

- Risiko ved eierstyringen av selskapet (kommunen)
- Oppfølging av selskapet
- Risiko hos selskapet
- Selskapets oppfølging av eiernes føringer
- Selskapets drift og utvikling

9. Prioriterte områder for eigarskapskontroll

Selskap som er prioritert av kontrollutvalet for forvaltningsrevisjon i perioden skal og omfattast av ein eigarskapskontroll. Det gjelder disse prioriterte selskapa:

1. IVAR IKS
2. Lyse AS

Kontrollutvalet kan om ønskeleg også foreta en eigarskapskontroll utan forvaltningsrevisjon i utvalde selskap. En eigarskapskontroll i deleide aksjeselskap kan då ikkje innehalde element av forvaltningsrevisjon.

10. Avslutning

Kontrollutvalet ber om delegert fullmakt til å iverksette eigarskapskontroll i andre selskap/samarbeidsformer enn de som er foreslått/vedtatt dersom kontrollutvalet meiner dette vil ha høgare nytteverdi. Kommunestyret har også myndigheit til å pålegge kontrollutvalet å gjennomføre konkrete bestillingar i løpet av planperioden dersom det er ønskeleg.